




Handlingsplan

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne



Vestland
fylkeskommune

Innhald

Kva er rådet for menneske med nedsett funksjonsevne?.....	3
Korleis kan rådet medverke?	3
Rådet sitt overordna mål	4
Arbeidsplan for perioden	5
1. Informasjon og involvering i rådet sitt arbeid.....	5
2. Tilgjengelegheit og universell utforming	5
3. Haldningsskapande arbeid.....	6
4. Opplæring og kompetanse	6
5. Samferdsel og mobilitet	6
6. Kultur og folkehelse	6
7. Næring, plan og innovasjon.....	7

Kva er rådet for menneske med nedsett funksjonsevne?

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal ha ei rådgjevande rolle i den fylkeskommunale verksemda og skal ha rett til å uttale seg i saker som gjeld personar med funksjonsnedsetting.

Rådet skal ha ni medlemmer oppnemnde av fylkestinget. Fire av medlemene skal vere fylkestingsrepresentantar og fem medlemmer vert valde etter forslag frå organisasjonar som representerer menneske med nedsett funksjon.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom medlemene.

Rådets medlemmer skal representere og ivareta behova til innbyggjarar i fylkeskommunen med nedsett funksjon. Medlemene av rådet skal vere bevisst på at dei ikkje uttaler seg på vegner av seg sjølv, ein organisasjon eller eit politisk parti.

Korleis kan rådet medverke?

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan innanfor sitt arbeidsområde:

- Gi uttale til forslag til økonomiplan og årsbudsjett.
- Gi uttale til regionale planar som angår menneske med nedsett funksjon.
- Gi uttale til saker som andre fylkeskommunale organ legg fram.
- Gi råd i alle saker som gjeld levevilkår for menneske med nedsett funksjon.
- Arbeide for å utvikle eigen organisasjon og verksemd.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

Saker der rådet har avgjerdsmynde:

- Saker som gjeld eige organisasjon, til dømes budsjett.

Saker der rådet gjev råd:

- Saker til fylkeskommunal verksemd med verknad for menneske med nedsett funksjon.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan innanfor sitt arbeidsområde gje sjølvstendige fråsegner, både til fylkeskommunal organ og eksterne organ.

Arbeidsform

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal ha minst seks møter kvart år og elles etter behov.

Vestland fylkeskommune sitt ansvar er å:

- Leggje fram saker som angår menneske med nedsett funksjon på eit så tidleg tidspunkt at rådet si uttale kan ha moglegheit til å påverke utfallet av saka.
- Auke kompetansen til medverknadsorgana i samband med administrative og politiske prosessar.
- Syte for eit tilfredsstillande sekretariat slik det kjem fram av kommunelova § 5-12 og forskrift knytt til denne.

For rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjeld reglement for saksbehandling så lang det passar.

Rådet sitt overordna mål

Rådet skal jobbe for like moglegheiter og full deltaking i fylkeskommunen for alle med nedsett funksjon.

Rådet skal jobbe med eit breitt utval av saker knytt til FN-konvensjonen om rettigheiter til personar med nedsett funksjon, CRPD.

Arbeidsplan for perioden

Det er mange saker i fylkeskommunen som vedkjem personar med nedsett funksjon. Spesielt vil dette gjelde saker om likestilling, likeverdig tilgang til tenester og saker om universell utforming/tilgjengelegheit.

Nedanfor kjem det fram kva saker rådet skal ha spesielt fokus retta mot. Handlingsplanen vil bli gjennomgått årleg og kan reviderast ved behov.

1. Informasjon og involvering i rådet sitt arbeid

For at rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal bli høyrte og oppnå reell medverknad, er det viktig at rådet mottar saker på eit så tidleg tidspunkt i saksbehandlinga at uttalene frå rådet har moglegheit til å påverke utfallet av saken.

Det er ein føresetnad for god medverknad at organisasjonen og enkeltpersonar er godt informerte. Medverknad er òg eit leiaransvar, og det er viktig at fylkeskommunen sine leiarar har god kjennskap til CRPD og til medverknad.

Rådet skal fremje menneske med nedsett funksjon (jfr CRPD) sine interesser i all fylkeskommunal verksemd som vedkjem dei, og ta opp / gje fråsegn i saker, både innanfor og utanfor eigen organisasjon.

Tiltak:

- Ta digitale møter på kort varsel for å sikre tidleg involvering.
- Saksbehandlingssystem som sikrar at saksbehandlar må vurdere om saka skal til medverknadsorganet.
- Opplæring av RMNF saman med KS.
- Felles digital opplæring, i samarbeid med organisasjonane, med alle kommunale råd.
- Medlemene i rådet deltar på relevante konferansar.
- Invitere inn organisasjonar/administrasjon til å gje orienteringar i møta..

2. Tilgjengelegheit og universell utforming

For at menneske med nedsett funksjon skal få eit sjølvstendig liv og oppnå full deltaking, må det setjast i verk tiltak for å sikre at dei får tilgang til det fysiske miljøet, transport, informasjon og kommunikasjon.

Tiltak:

- Etterspørje at fylkeskommunen sikrar seg god kompetanse på området, for alle typar funksjonsnedsetting.
- Auke kompetansen om CRPD og kva krav det stiller til den fylkeskommunale verksemda.
- Medverke til å auke kunnskap og inkludering ved å gje uttalar og råd på saker som vedkjem menneske med nedsett funksjon.

3. Haldningsskapande arbeid

Mange av dei daglege utfordringane og diskrimineringa av menneske med nedsett funksjonskuldaskaldningar, som kan ha sin årsak i mangel på kunnskap, fordommar eller ubevisste handlingar.

Tiltak:

- Sikre at menneske med nedsett funksjons blir inkludert, sett og høyrte i alle planprosessar og tenestetilbod.
- Invitere alle fylkestingsmedlemene til konferansar som rådet har.
- Arbeide for at ord og uttrykk som vert nytta i skriftleg materiale frå fylket ikkje verkar stigmatiserande.
- At menneske med nedsett funksjon sine erfaringar og behov vert synlege, t.d. i mediebialetet.

4. Opplæring og kompetanse

Tiltak:

- Sikre like rettar for å delta, søkje seg til den skulen og faget ein vil, slik Opplæringslova legg opp til.
- Arbeide for at tilrettelagt undervisning og spesialundervisning vert høgt prioritert og fungerer for den enkelte.
- Skaffe ei samla oversikt over korleis skulane er tilrettelagt for universell utforming.

5. Samferdsel og mobilitet

Tiltak:

- Manglande universell utforming må utbetrast slik at alle kan nytte kollektivtilboda, billettordningar, ladestasjonar og få den informasjonen som blir gitt.
- Arbeide for fleksible reisetilbod, bestillingsskyss og at TT-ordninga vert styrka og medverkar til likestilling.
- Samarbeide med Hovudutval for Samferdsel og mobilitet om ein politkar-tur der ein prøver ut å vere avhengig av hjelpemiddel.
- Rådet skal ha informasjon om anbodsprosessar og korleis ein kan medverke i dei.

6. Kultur og folkehelse


Tiltak:

- Tilskot til universelle tilbod, t.d. for nærmiljø, idrett og friluftsliv.
- Tilskot og arrangørhjelp til kulturfestivalane som er særleg for menneske med ei utviklingshemming.
- Arbeide for at alle fylkeskommunale tilstellingar, og dei vi gjev økonomisk støtte til, skal tilby følgjekort.

7. Næring, plan og innovasjon

Tiltak:

- Universelle og inkluderande løysingar skal vektleggast i all planlegging, både av bygg, veg, uteareal og i regional samfunnsplanlegging.
- Rådet skal ha informasjon om planprosessar og korleis ein kan medverke i dei.
- Rådet skal få betre kunnskap om innkjøpskontraktar, og ulike måtar ein nyttar reserveverte, inkluderande mm kontraktar på.
- Sikre at innkjøpsstrategi om reserveverte og inkluderande kontraktar vert følgd.
- Arbeide for meir forskning inn mot innovative løysingar som gangar dei med ei form for nedsett funksjon og korleis dei betre kan delta i samfunnet.



vestlandfylke.no